

Årsmelding 2015

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Samansetning av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert valde for den kommunale valperioden, og hadde derfor ein utskifting av medlemar på slutten av 2015.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fram til 27.10.2015:

Leiar:	Ellinor Kreybu, Frp	Fram til 09.06.2015
	Anita Garlid Johannessen, Frp	Frå 09.06.2015
Nestleiar:	Harald Norheim, SAFO	
Medlem:	Jostein Ljones, Sp	
Medlem:	Neshe Lie, H	
Medlem:	Kjell Søvik, FFO	
Medlem:	Tore Svane, FFO	
Medlem:	Kjersti Edvardsdal, FFO	
Varamedlem:	Inger S. Ulvund, Frp	
Varamedlem:	Sølvi Gripsgård Knudsen, SAFO	
Varamedlem:	Marthe Hammer, SV	
Varamedlem:	Ingebjørg Winjum, V	
Varamedlem:	Karl Peder Henriksen, FFO	
Varamedlem:	Inge Fiskvik, FFO	
Varamedlem:	Laila Sørheim Bø, FFO	

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå 27.10.2015:

Leiar:	Kjell Haaland, A
Nestleiar:	Kjell Søvik, FFO
Medlem:	Solbjørg Marjala, FL
	R/SV/Sp/KrF
Medlem:	Kirsten Syljeset, H
Medlem:	Harald Norheim, SAFO
Medlem:	Inge Fiskvik, FFO
Medlem:	Nina Murberg, FFO
Varamedlem:	Kari Sørensen Bernardini, A
Varamedlem:	Toralv Mikkelsen, A
Varamedlem:	Jette Lunemann Hansen, A
Varamedlem:	Tore Svane, FFO
Varamedlem:	Siri Fransson, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Jostein Ljones, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Beate Husa, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	May Eva Sandvik, H
Varamedlem:	Ragnhild Fagerbakke, H
Varamedlem:	John Torgeir Torsvik, H
Varamedlem:	Sissel Johnsen, SAFO
Varamedlem:	Laila Grosvold Nygård, FFO
Varamedlem:	Asbjørn Helsebakke, FFO

Arbeidet til rådet i 2015

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland hadde litt færre saker i 2015 enn i 2014. Det vart handsama 42 RS-saker og 58 PS-saker, og omfattar alt frå skulebygg, kollektivtrafikk (inkl. ferjer), høyringar, folkehelse, tannhelse, oppfølging av skulebruksplan og pedagogisk arkitektur. Kultur- og idrett har vore nesten fråverande på sakskartet for 2015, og dette er eit døme som viser at det er enno eit stykke veg å gå før RMNF er ein naturleg del av fylkeskommunen si sakshandsaming.

I årsmeldinga for 2014 vart Voss Vidaregåande skule trekt fram som eit därleg døme på sakshandsaming, då rådet ikkje kom inn i prosessen før det nesten var for sein. I 2015 skjedde det same med Voss gymnas, der tilfeldigheit gjorde at ein oppdaga at forprosjektet skulle opp til politisk handsaming. Rådet måtte kalla inn til eit ekstra møte for å få ei orientering om prosessen. Universell utforming ser ut til å vera godt ivaretatt

i prosjektet, men prosessen er ikkje god, då RMNF nok ein gong ikkje er ein naturleg del av sakshandsaminga. Med bakgrunn i tilsvarande saker, vart det den 07.09.15 gjort slikt vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.»

Rådet har i dialog med eigedomsavdelinga sett at ramane for bestilling av nye bygg vert lagt når eit bygg vert lagt ut på anbod, og at det kan vere vanskeleg å gjere endringar etter denne tid. Difor var det gledelig at dokumentet «*Pedagogisk arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK*», som vert brukt som eit grunnlag ved bestilling av nye bygg, vart lagt føre rådet for uttale. RMNF kom med fleire innspel som vart inkorporert i det endelige dokumentet. Rådet er nøgd med denne moglegheita til å legge premiss tidleg i prosessen og sett pris på at opplæringsavdelinga inviterte til dialog i saka.

Når det gjeld samferdsle kan desse sakene nemnast:

- Fysisk skilje mellom mjuke og harde trafikkantar i tunnel (under 500 m). Her har rådet gjeve uttale på at ein må ha fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar inne i tunnellen.
- I 2015 er det gjennomført ei kartlegging av ferjekaiar i fylket, noko rådet er veldig positiv til. Som ein del av arbeidet med universell utforming av ferjekaiane har rådet særleg påpeikt tiltak for synshemma og blinde.
- I samband med val av standard for fylkesveg, har RMNF i uttale til fylkestinget, understreka at krav til universell utforming ikkje blir svekka. Dette vart teke inn i fylkestinget sitt vedtak.

Som tidligare nemnt er RMNF samansett av fire brukarrepresentantar frå FFO og SAFO og ein politikarar frå kvar av dei tre hovudutvala. Det gir rådet ein moglegheit til å fremja saker på vegne av rådet i utvala, gjennom politikarane i rådet. Til dømes slik det vart gjort i saka om val av standard for fylkesveg, der medlem i rådet og samferdselsutvalet fremja tilleggsforslaget om universell utforming som vart vedteke til slutt i fylkestinget.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

April 2016. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.